

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for opplæring og kompetanse
Møtestad:	Telefonmøte/Video
Dato:	02.06.2020
Tid:	09:00-15:40

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karianne Torvanger	Leiar	A
Åsmund Berthelsen	Nestleiar	SV
Emil Gadolin	Medlem	A
Nina Bognøy	Medlem	A til kl. 15.30
Rasmus L. Rasmussen	Medlem	A
John Andre Kongsvik	Medlem	H
Sonja Øvre-Flo	Medlem	H
Jeanette Syversen	Medlem	R
Nils Haugland	Medlem	FNB
Pauline Tomren	Medlem	MDG
Alexander Fosse Andersen	Medlem	Sp
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KrF
Sigurd E. Reksnes	Medlem	SP
Rosalind Fosse	Medlem	Frp

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Silja Ekeland Bjørkly	Svein Kolbein Halleraker	H

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Bekka Skaasheim	Assisterande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Kenth Rune T. Måren	Seksjonssjef, kvalitet i opplæringa.
Merethe Helland Nordnæs	Seniorrådgjevar/møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 12/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 13/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 13.05.2020	2019/130	
	Referatsaker		
RS 16/20	Vidareføring av Jobbsjansen del B	2020/41557	
RS 17/20	Uttale om investeringsprogram og økonomiplan	2020/41557	
RS 18/20	Brev frå styret i Opplæringsfartøy AS	2020/41557	
RS 19/20	Tertialrapport pr. april 2020 - rekneskapsprognose	2020/53123	
	Skriftlege spørsmål		
SI 11/20	Spørsmål frå Hamre - Krf - Inntak til næraste skule når du bur i ein grensekommune	2020/38206	
SI 12/20	Spørsmål frå Hamre - KrF - Tilpasset opplæring	2020/38206	
SI 13/20	Spørsmål frå Tomren - MDG - Varslingsrutinar	2020/38206	
SI 14/20	Spørsmål frå Fosse - Frp - Kommunalt Foreldreutvalg	2020/38206	
	Politiske saker		
PS 28/20	Eventuell omprioritering av budsjetttramma i sektoren for å auke talet på klassar i Vestland fylkeskommune skuleåret 2020/21.	2020/43381	
PS 29/20	Opplæringstilbodet skuleåret 2020/21 - verknader av koronapandemien	2020/43381	
PS 30/20	Fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland	2020/41557	
PS 31/20	Høyringsfråsegn - NOU 2019:25 «Med rett til å mestre»	2020/37506	
PS 32/20	Høyringsssvar frå Vestland fylkeskommune på NOU 2019:23 Ny opplæringslov	2020/38476	

Godkjenningssaker

GK 12/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent utan merknader.

Orienteringar:

- Om gjennomføring av eksamen våren 2020 v/fylkesdirektør opplæring og kompetanse Bjørn Lyngedal.
- Orientering om gjennomføring av fagprøver v/assisterande fylkesdirektør opplæring og kompetanse Bekka Skaasheim.

GK 13/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 13.05.2020

Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Karianne Torvanger, A, sette fram slik merknad:

Det var feil i protokollen frå møtet den 13.05.2020 i desse sakene:

- PS 23/20 Plaststrategi for Vestland fylkeskommune
- PS 26/20 Økonomiplan 2021-24 - drifts- og investeringsrammer.

Møteprotokollen vart retta i desse sakene og publisert på nytt 25.05.2020 for PS 26/20 og den 28.05.2020 for PS 23/20.

Jeanette O. Syversen, R, og Nils Haugland sette fram slik merknad:

«I PS 20/20 er det feil i avrøystinga»

. Her er rett avrøysting:

Bakke sitt forslag fekk 1 røyst (FrP) og falt.
Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 4 røyster (Frp og H) og falt.
Rasmussen sitt forslag fekk 10 røyster (A, Sv, Sp, KrF, MDG og R) og vart vedteke.
Torvanger sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Møteprotokollen frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 13.05.2020 vart godkjent med merknadene ovanfor.

Referatsaker

RS 16/20 Vidareføring av Jobbsjansen del B

Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

RS 16/20 vart referert.

RS 17/20 Uttale om investeringsprogram og økonomiplan

Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

RS 17/20 vart referert.

RS 18/20 Brev frå styret i Opplæringsfartøy AS

Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

RS 18/20 vart referert.

RS 19/20 Tertialrapport pr. april 2020 - rekneskapsprognose

Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

RS 19/20 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 11/20 Spørsmål frå Hamre - KrF - Inntak til næraste skule når du bur i ein grensekommune

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse gav slikt svar:

Svar på spørsmål frå representanten Hamre (KrF) om inntak av elevar som bur i grenseområde

Svar på spørsmål om bruk av skjøn ved inntak av elevar som bur i grenseområde mellom inntaksområde ved opptak til tilbod innan vidaregåande opplæring

Opplæringsdirektøren har den 27.05.20 fått slikt spørsmål frå representant Kristina Vaktskjold Hamre:

Inntak til næraste skule når du bur i ein grensekommune

For inntak til vidaregåande skule 2020/2021 gjeld dei to tidlegare inntaksregionane, slik det går fram i saka 19/2019 frå Fellesnemnda. Det vart imidlertid fleirtal for utgreiing av ordninga for elevar i grenseområda, og deira høve til å søkje i begge fylka.

Frå sak 19/2019 (vedteke med 13 stemmer): "Dagens inntaksordningar og inntaksområde, inkludert dei ordningar som finst for ungdom i grenseområda, vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021. Fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021. Det må utgreiast om ordninga for ungdomar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland skal utvidast til å gjelde for fleire elevar i vidaregåande skular, fram til saka kjem i oktober 2019."

Eit stort mindretal (11) hadde i same sak ei formulering som sa at "Ordningar som finst for ungdomar i grenseområda vert vidareført. For ungdomar i grenseområda mellom Sogn og

Fjordane og Hordaland vert ordninga utvida til å gjelde alle ungdomar og alle vidaregåande skular i pendlaravstand."

Dette syner at fellesnemnda ønska å finne gode ordningar for elevar i grensetraktene, der det er openberre avstandsgrunnar til å kunne søke på næraste skule med aktuelt tilbod.

KrF er blitt kontakta av mor til ein søkar til vg2; kjemi- og prosessfag. Vedkomande har gått første året på Austrheim vgs. Ho har budd i Masfjorden kommune, til ho flytta ein km og over grensa til Gulen for eit halvt år sidan. Det viser seg at denne flyttinga gjer at ho no stiller bakerst i køen for å søkje på den linja ho vil på BMV i Bergen eller på Knarvik vgs., og i staden får melding om at ho må søke i Årdal.

Gulen - Årdal vil ha ei reisetid på 6-9 t kvar veg, og det vil vere krevjande endåtil å reise heim i helgene. Frå heimstaden (sør i Gulen) og til Knarvik er det under ein time reiseveg, og såleis mogeleg å pendle.

For KrF synest det unødvendig stivbeint og regelstyrt at denne eleven ikkje kan få søkje studietilbodet i Knarvik eller Bergen på same vilkår som elevar frå opptaksområdet i tidlegare Hordaland. Særleg sidan vi er eitt fylke, eleven opprinnelig høyrer til i Masfjorden, har gått første året i Hordaland, og det er ungdomane sitt beste vi må legge til grunn.

Vil inntakskontoret kunne opne opp for skjøn i dette tilfellet? Og i tilfelle ikkje, må ungdomen melde flytting tilbake til Masfjorden for at det skal bli aktuelt?

I tilfelle som her er omtala, der eleven bur i eit grenseområde, vil fylkesdirektøren bruke skjøn.

Det blir vist ekstra merksemd i behandling av enkeltsaker der næraste skule er i ein region med annan inntaksforskrift.

Året 2020 er eit overgangså. Komande inntaksforskrift for samla inntak til vidaregåande opplæring i Vestland fylke er ikkje gjeldande før for neste skuleår. I år vidareførast dei gjeldande inntaksforskriftene innanfor dei tidlegare fylkesgrensene. Dette gjer nokre utfordringar for enkeltelevar som Vakt skjold Hamer sitt spørsmål viser.

Søkjarar i dei gamle grenseområda som opplever at dei blir råka av dagens reglar, tar kontakt med fylkeskommunen på e-post og telefon. Når fylkesdirektøren handsamar slike saker er det tenleg å bruke skjøn.

Fylkesdirektøren har delegert mynde til seksjon for inntak forvaltning og sluttvurdering å sikre at elevane tas inn til opplæringstilbod i tråd med lovar, regelverk og politiske føringar.

SI 12/20 Spørsmål frå Hamre - KrF - Tilpasset opplæring

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse gav slikt svar:

«Representanten Kristina Vakt skjold Hame (KRF) har stilt følgjande spørsmål til møte i hovudutvalet:

Fylkesrådmannen ser det som naturleg at også tildeling til tilpassa opplæring inkl. spesialundervisning vert ein del av ny budsjettmodell. Fylkesrådmannen legg opp til ei eiga sak om organisering av dette tilbodet hausten 2020. Prinsippa for tildeling til dette føremålet inngår difor ikkje i denne saka.

Slik eg forstår er det nokre utfordringar knytet til dei nye rutinane som er innførte. Eksempelvis finnes det ikke støtteordninger for kompetansemiljøet som skal hjelpe personer et dårligere utgangspunkt, motivere, støtte og hjelpe dem, og finne mulig arbeid før personen er plassert. I tillegg får ikke disse miljøene tilskudd, men må nå fakturere. Noe som fører til mer administrativt arbeid. Dessuten ser det ut som om det er lavere timestøtte per måned, og lavere sats. I sum kan dette strupe et allerede presset kompetansemiljø, og gjør det tilnærmet umulig for dem å hjelpe nå når utfallet er mer usikkert.

Angående denne saken ønskes et bredere kunnskapsgrunnlag når de politiske vurderingene skal gjøres til høsten, og ønsker derfor evaluering av de nye rutinene som gjeld ekstra ordinært tilskudd for lærlinger, praksisbrevkandidater og lære kandidater i Vestland fylkeskommune.»

Svar frå fylkesdirektøren:

Representanten Hamre viser i sitt spørsmål til PS-sak 19/2020. Denne saka gjeld prinsipp for ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune og omfattar difor ikkje tildeling av midlar til spesialundervisning for lærlingar, praksisbrevkandidatar og lære kandidatar.

Vestland fylkeskommune har utarbeida nye rutinar for ekstraordinært tilskot for lærlingar, praksisbrevkandidat og lære kandidatar. Det er og utarbeidd nye rutinar for spesialundervisning for lære kandidatar.

Rutinane vart ferdigstilte og godkjende i april 2020, og vil bli evaluert i august 2021. Målsettinga med dei nye rutinane er å sikre eit likeverdig tilbod til aktuelle kandidatar.

I Vestland fylkeskommune vil dei økonomiske midlane til dette føremålet fordelast av rettleiingstenesta. I rettleiingstenesta arbeider det rådgjevarar med god kompetanse innan opplæring i bedrift.

Tanken er at økonomi og kompetanse er tett på brukaren, som sikrar god sakshandsaming og fleksibilitet.

SI 13/20 Spørsmål frå Tomren - MDG - Varslingsrutinar

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse gav slikt svar:

Svar på spørsmål frå representanten Tomren (MDG) om varslingsrutinar

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse viser til spørsmål frå representanten Tomren (MDG) til møtet i Hovudutval for opplæring og kompetanse 2. juni 2020.

Spørsmål om varslingsrutinar

I tidlegare Hordaland fylkeskommune hadde vi ei varslingsordning for tilsette som låg under fylkesrådmannen. Dette kan medføre frykt hos tilsette for å varsle om kritikkverdige forhold ved arbeidsplassen sin. Svært mange av fylkeskommunen sine tilsette jobbar ved opplæringsinstitusjonane våre. Har det blitt gjort noko for å sikre at varslingsordninga for tilsette er uavhengig av fylkesrådmannen etter fylkessamanslåinga til Vestland?

Helsing Pauline Tomren, MDG

Svar frå fylkesdirektør opplæring og kompetanse:

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse har innhenta følgande informasjon frå leiar HR HMS og kvalitetsstyring i Organisasjons- og økonomiavdelinga:

«Varslingsordninga som er etablert for Vestland fylkeskommune bygger på krava i Arbeidsmiljølova, og på verdien av ein open organisasjonskultur med låg terskel for å varsle.

Det er nedfelt ein rutine for varsling som tok utgangspunkt i tilsvarande rutine for Hordaland fylkeskommune. Rutinen er drøfta med dei tillitsvalde og deretter publisert i det nye kvalitetssystemet i februar 2020.

Skriftleg varsling skal helst skje elektronisk via avviksmodulen i kvalitetssystemet. Varslinga går då til eit eige Varslingsutval, som er uavhengig av fylkesrådmannen og toppleiargruppa. Utvalet er samansett av tre arbeidstakarar utan leiarposisjon i fylkeskommunen. Som sekretær for utvalet fungerer seksjonssjef for juridiske tenester i Organisasjons- og økonomiavdelinga.

Dersom varslaren ønskjer å vere anonym, vil namnet ikkje vere tilgjengeleg for nokon tilsette i fylkeskommunen, heller ikkje for varslingsutvalet.

I det nye intranettet til fylkeskommunen vil ein kunne finne link til ei eiga side om varsling med nærare informasjon om ordninga. Deretter vil ein kunne klikke på ein link for å kome direkte inn i skjema for varsling. Informasjonssida om varsling er noko mangelfull, og er under bearbeiding.

Eit midlertidig problem er at dei tilsette ved skulane ikkje har tilgang til det nye intranettet, og derfor må gå direkte til kvalitetssystemet for å varsle, utan den informasjonen som ligg på intranettet. Dette vil verte retta opp når dei skuletilsette får oppjustert sine PC-ar i løpet av sumaren 2020.»

SI 14/20 Spørsmål frå Fosse - Frp - Kommunalt Foreldreutvalg

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse gav slikt svar:

Vestland fylkeskommune har ikkje mynde til å instruere kommunane. Den rette instansen for denne førespurnaden er Kommunenes sentralforbund (KS) eller Fylkesmannen. Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse vil syte for at spørsmålet kjem til rett instans.

I tillegg vil Fylkesdirektøren oppmode mobbeombodet i Vestland om å følgje opp spørsmålet. Mobbeombodet har eit arbeidsområde som omfattar barnehagar, grunnskular, vidaregåande skular, opplæringsbedrifter, føresette og tilsette, og jobbar etter eit nasjonalt mandat der det mellom anna står:

Mobbeombodet skal:

støtte og rettleie barn, elevar og foreldre slik at deira rettar til eit godt psykososialt miljø i heile grunnopplæringa blir tekne hand om.

Politiske saker

PS 28/20 Eventuell omprioritering av budsjetttramma i sektoren for å auke talet på klassar i Vestland fylkeskommune skuleåret 2020/21.

Forslag til vedtak

Utvalet tek til etterretning at det ikkje er økonomisk handlingsrom i sektoren til å utvide klassetalet slik det vart skissert i sak PS 15/20 «Justering av opplæringstilbodet skuleåret 2020/21» punkt 2.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Sigurd Reksnes, SP, sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting utsetjingsforslag:

Saka vart samrøystes vedteke utsett av hovudutval for opplæring og kompetanse.

Vedtak

Saka vart utsett av hovudutval for opplæring og kompetanse.

Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Sigurd Reknes, Sp, sette på vegner av A, Sp, KrF, SV og MDG fram slikt forslag:

«Alternativ

Hovudutval for opplæring og kompetanse syner til vedtaket i sak 15/2020 og vedtak i fylkesutvalet i sak 79/2020

Dei ekstra gruppene i punkt 2 i vedtaket frå hovudutvalet for opplæring og kompetanse vert finansierte slik for 2020

Mindreforbruk grunna Covid 19 pandemien: Skulefrukost, kurs og reiseverksemd, redusert bruk av meningokokkvaksine

Til saman 3,8 mill i 2020.»

Rosalind Fosse, Frp, sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

- «1 vg1 Studiespesialiserande ved Bømlo vgs
- ½ klasse Vg1 studiespesialiserande og ½ klasse Vg1 Idrett ved Firda vgs □
- 1 klasse Vg1 Elektro ved Eid vgs
- Austevoll vgs.: Vg1 studiespesialisering opprettholdes med 1klasse.
- Stord vgs.: Vg2 industriteknologi justeres opp fra 0,5 klasse til 1 klasse.

Stord vgs: Vg2 kjøretøy justeres opp fra 0,5 klasse til 1 klasse

Dei ekstra gruppene i punkt 2 i vedtaket frå hovudutvalet for opplæring og kompetanse vert finansierte slik for 2020

Mindreforbruk grunna Covid 19 pandemien: Skulefrukost, kurs og reiseverksemd, redusert bruk av meningokokkvaksine

Til saman 3,8 mill i 2020»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 1 røyst (FNB) og falt.

Fosse sitt forslag fekk 4 røyster (FrP og H) og falt.

Reksnes sitt forslag fekk 10 røyster (Sp, A, Sv, MDG, KrF og R) og vart vedteke.

Vedtak

Hovudutval for opplæring og kompetanse syner til vedtaket i sak 15/2020 og vedtak i fylkesutvalet i sak 79/2020

Dei ekstra gruppene i punkt 2 i vedtaket frå hovudutvalet for opplæring og kompetanse vert finansierte slik for 2020

Mindreforbruk grunna Covid 19 pandemien: Skulefrukost, kurs og reiseverksemd, redusert bruk av meningokokkvaksine

Til saman 3,8 mill i 2020.

PS 29/20 Opplæringstilbodet skuleåret 2020/21 - verknader av koronapandemien

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt innanfor sektoren si ramme til å opprette vg3 som alternativ til lære plass ved behov.
3. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ny status og framlegg til konkrete tiltak, oppfølging og økonomiske konsekvensar av koronapandemien i september 2020.

Saksprotokoll 26.05.2020 - yrkesopplæringsnemnda

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt innanfor sektoren si ramme til å opprette vg3 som alternativ til læreplass ved behov.
3. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ny status og framlegg til konkrete tiltak, oppfølging og økonomiske konsekvensar av koronapandemien i september 2020.

Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Karianne Torvanger, A, sette på vegner av A, Sp, Sv, MDG og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ny status og framlegg til konkrete tiltak, oppfølging og økonomiske konsekvensar av koronapandemien seinast i september 2020.
3. Fylkesutvalet syner til tidlegare vedtak om å ta ned kapasiteten på vg3 påbygging til generell studiekompetanse og ber fylkesrådmannen synleggjere kva tiltak som allereie er lagt inn i utlysing/justering av opplæringstilbodet og den økonomiske konsekvensen av dette slik at dette vert skilt ut som eit eige Koronatiltak.
4. Fylkesutvalet føreset full statleg finansiering av verknadar etter koronapandemien.»

Avrøysting

Torvanger sitt forslag fekk 10 røyster (A, Sp, Sv, MDG, KrF og R) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (partia som ikkje røysta for Torvanger sitt forslag) for innstillinga som fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ny status og framlegg til konkrete tiltak, oppfølging og økonomiske konsekvensar av koronapandemien seinast i september 2020.
3. Fylkesutvalet syner til tidlegare vedtak om å ta ned kapasiteten på vg3 påbygging til generell studiekompetanse og ber fylkesrådmannen synleggjere kva tiltak som allereie er lagt inn i utlysing/justering av opplæringstilbodet og den økonomiske konsekvensen av dette slik at dette vert skilt ut som eit eige Koronatiltak.
4. Fylkesutvalet føreset full statleg finansiering av verknadar etter koronapandemien.

PS 30/20 Fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland

Forslag til vedtak

Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til vetande på grunnlag av at det ikkje er eit lovkrav om felles fråværsreglement.

Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Rasmus Laupsa Rasmussen, A, sette på vegner av A, Sp, Sv, MDG og KrF fram slikt forslag (a):

«Tillegg:

Nytt punkt 6.6

Politisk arbeid definerast som deltaking på aktivitet i regi av eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon, anten som deltakar eller som arrangør.»

Pauline Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, A, Sp, Sv og KrF fram slikt forslag:

«Tillegg:

Teksttillegg til fråværsdokumentet:

- Dette skrivet er berre ei kortfatta oppsummering av fråværsreglane til fylkeskommunen. I nokre tilfelle gjeld andre krav til dokumentasjon, og det finst meir utfyllande informasjon om kva som er gyldig/ugyldig fråvær enn det som kjem fram i dette skrivet. Det kan også vere fleire tilfelle som gir grunnlag for å slette fråvær frå vitnemålet enn det som står her. Dei fullstendige retningslinjene finn du på utdanningsdirektoratet si heimeside: <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vitnemal/fravarsgrense---udir-3-2016/> «

Rasmus Laupsa Rasmussen, A, sette fram slikt forslag (b):

«Alternativ:

Utvalet visar til reglement lagt fram i RS 11/20 og vedtek reglementet.»

John Andre Kongsvik, H, sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting utsetjingsforslag:

Kongsvik sitt forslag fekk fem røyster (H, Frp og FNB) og falt.

Rasmus Laupsa Rasmussen, A, sette fram slikt forslag (c) :

«Tillegg:

Saka går vidare til handsaming i fylkesutvalet og fylkestinget.»

Avrøysting

Rasmussen sitt forslag (a) og (b), med Tomren sitt forslag fekk 10 røyster (A, Sp, Sv, Krf, MDG og R) og vart vedteke mot mot 5 røyster (H, Frp, FNB) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Rasmussen sitt forslag (c) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utvalet visar til reglement lagt fram i RS 11/20 og vedtek reglementet med slike tillegg.

Nytt punkt 6.6

Politisk arbeid definerast som deltaking på aktivitet i regi av eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon, anten som deltakar eller som arrangør.

Til fråværsdokumentet:

Dette skrivet er berre ei kortfatta oppsummering av fråværsreglane til fylkeskommunen. I nokre tilfelle gjeld andre krav til dokumentasjon, og det finst meir utfyllande informasjon om kva som er gyldig/ugyldig fråvær enn det som kjem fram i dette skrivet. Det kan også vere fleire tilfelle som gir grunnlag for å slette fråvær frå vitnemålet enn det som står her. Dei fullstendige retningslinjene finn du på utdanningsdirektoratet si heimeside: <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vitnemal/fravarsgrense---udir-3-2016/> «

2. Saka går vidare til handsaming i fylkesutvalet og fylkestinget.

PS 31/20 Høyringsfråsegn - NOU 2019:25 «Med rett til å mestre»

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringsfråsegna NOU 2019:25 «Med rett til å mestre», slik ho kjem fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll 26.05.2020 - yrkesopplæringsnemnda

Roger Pilskog, LO, sette på vegner av LO, NHO, YS, UNIO, KS, Virke, medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse, medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, lærlingerepresentant og elevrepresentant fram slikt tilleggforslag:

«Yrkesopplæringsnemnda stør fylkesrådmannens vurderingar og høyringssvar. Yrkesopplæringsnemnda syner til at elevenes psykiske og sosial helse er viktig for ei god gjennomføring, og at både miljøkoordinatorar og helsesjukepleiarar er viktig i den samanheng.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse

Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringsfråsegna NOU 2019:25 «Med rett til å mestre», slik ho kjem fram av saksutgreiinga.

Yrkesopplæringsnemnda stør fylkesrådmannens vurderingar og høyringssvar. Yrkesopplæringsnemnda syner til at elevenes psykiske og sosial helse er viktig for ei god gjennomføring, og at både miljøkoordinatorar og helsesjukepleiarar er viktig i den samanheng.

Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Alexander Fosse Andersen, Sp, sette på vegner av Sp, A, Sv, KrF, MDG, H, FrP, R og FNB fram slikt tilleggforslag:

«Fylkesutvalet stør høyringsfråsegna NOU 2019: 25 "Med rett til å mestre", slik ho kjem fram av saksutgreiinga og med desse tilleggga:

1.Fylkesutvalet syner til at elevanes psykiske og sosiale helse er viktig for god gjennomføring. I tillegg til læraren er miljøkoordinatorar og helsesjukepleiarar viktige i denne samanhengen.

2.Fylkesutvalet meiner tilbakeføringstiltak er viktig for god gjennomføring. Institusjonaliserte tilbakeføringstiltak, som til dømes produksjonsskule, treng ei sterk statleg forankring, både når det gjeld lovverk og finansiering.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringsfråsegna NOU 2019:25 «Med rett til å mestre», slik ho kjem fram av saksutgreiinga med desse tilleggga:

1.Fylkesutvalet syner til at elevanes psykiske og sosiale helse er viktig for god gjennomføring. I tillegg til læraren er miljøkoordinatorar og helsesjukepleiarar viktige i denne samanhengen.

2. Fylkesutvalet meiner tilbakeføringstiltak er viktig for god gjennomføring. Institusjonaliserte tilbakeføringstiltak, som til dømes produksjonsskule, treng ei sterk statleg forankring, både når det gjeld lovverk og finansiering.

PS 32/20 Høyrings svar frå Vestland fylkeskommune på NOU 2019:23 Ny opplæringslov

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyrings svaret på NOU 2019:23 «Ny opplæringslov», slik det kjem fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll 26.05.2020 - yrkesopplæringsnemnda

Roger Pilskog, LO, sette på vegner av LO, NHO, YS, UNIO, KS, Virke, medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse, medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, lærlingerepresentant og elevrepresentant fram slikt tilleggsforslag:

«Yrkesopplæringsnemnda stør fylkesrådmannens vurderingar og konklusjonar. Yrkesopplæringsnemnda meiner dessutan at:

- Det blir feil å bruke «lærling» om alle som får opplæring i bedrift, då det vil «utvatne» eit godt innarbeidd omgrep. Nemnda meiner at omgrepet lærling berre skal brukast når det er inngått lærekontrakt med fag- eller sveineprøve som mål.
- Klagenemnd for ikkje bestått fag- og svenneprøve bør reguleras i ny lov. Ny lov må og sikra at saker kan løysast på lavast mogleg nivå, difor er det viktig at ein har fylkeskommunal instans for det.
- Lova må syte for at lærebedrifter skal ha eigen kompetanse og produksjon i lærefaget for å kunne godkjennast som opplæringsbedrift.
- styra i opplæringskontora skal ha representasjon frå arbeidstakersida når deira organisasjonar ber om det.
- Opplæringslova kan ikkje regulera opphøyr av baa arbeidsavtale og lærekontrakt, då verksemdar som gjev opplæring er egne rettssubjekt, og lærlingane skal ha samme rettigheter og plikter som ansatte. (forslag § 8-4).»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse

1. Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyrings svaret på NOU 2019:23 «Ny opplæringslov», slik det kjem fram av saksutgreiinga.

Yrkesopplæringsnemnda stør fylkesrådmannens vurderingar og konklusjonar. Yrkesopplæringsnemnda meiner dessutan at:

- Det blir feil å bruke «lærling» om alle som får opplæring i bedrift, då det vil «utvatne» eit godt innarbeidd omgrep. Nemnda meiner at omgrepet lærling berre skal brukast når det er inngått lærekontrakt med fag- eller sveineprøve som mål.
- Klagenemnd for ikkje bestått fag- og svenneprøve bør reguleras i ny lov. Ny lov må og sikra at saker kan løysast på lavast mogleg nivå, difor er det viktig at ein har fylkeskommunal instans for det.

- Lova må syte for at lærebedrifter skal ha eigen kompetanse og produksjon i lærefaget for å kunne godkjennast som opplæringsbedrift.
- styra i opplæringskontora skal ha representasjon frå arbeidstakarsida når deira organisasjonar ber om det.
- Opplæringslova kan ikkje regulera opphøyr av både arbeidsavtale og lærekontrakt, då verksemdar som gjev opplæring er egne rettssubjekt, og lærlingane skal ha same rettigheter og plikter som ansatte. (forslag § 8-4).

Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Alexander Fosse Andersen, Sp, sette på vegner av Sp, A, Sv, MDG, KrF, H, Frp, R og FNB fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkesutvalet stør høyringsfråsegna NOU 2019:23 «Ny opplæringslov», slik ho kjem fram av saksutgreiinga og med tillegget frå yrkesopplæringsnemnda.

Fylkesutvalet meiner i tillegg det er viktig at elevar vert sikra læremiddel, inkludert digitale, på ynskt målform. Fylkesutvalet stør difor Nordrum-utvalet i at ein må vidareføre parallellitetskravet i opplæringslova. Læremiddel skal liggje føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Dette må òg gjelde digitale læremiddel.»

Åsmund Berthelsen, SV, sette på vegner av Sv, A, Sp, MDG, KrF, H, Frp, R og FNB fram slikt forslag (a):

«Tillegg:

Fylkesutvalet vil påpeike og understreke nokre viktige forhold i tillegg til det som kjem fram i saksutgreiinga:

1. Fylkesutvalet meiner at opplæringskontora må ha om lag same rolle som i dag. Mange små og mellomstore verksemdar treng assistanse til å vidareutvikle og kvalitetssikre lærlingeordninga gjennom opplæringskontora.
2. Fylkesutvalet meiner at elevråd må vere lovfesta og at organ for brukarmedverknad må verte vidareført.
3. I framlegg til ny opplæringslov fell omgrepet lærekandidat vekk, og lærekandidatar vil ikkje lenger ha lovfesta rett til spesialundervisning. Dersom ordninga blir fjerna er det naudsynt at det vert etablert ei liknande ordning som kan følgje opp eleven, knytt til ordninga opplæringskontor som lærebedrift
4. Fylkesutvalet har merka seg at fylkesrådmannen meiner at det bør bli vurdert om retten til eit år ekstra grunnskuleopplæring ved ein vidaregåande skule også skal vere ein plikt for elevar med behov for det. Utvalet vil åtvare mot å ha eit ekstra år med same organisering og innhald som siste året på ungdomsskulen. Utvalet meiner det må vere tilbod om eit alternativt opplegg der elevane finn seg til rette.
5. Etter det fylkesutvalet skjønar vert det foreslått å ta vekk praksisbrevordninga. Utvalet vil understreke at det må verte eit fullgodt alternativ til denne ordninga då det har vist seg at den har fungert godt for mange ungdommar.»

Åsmund Berthelsen, SV, sette på vegner av SV, A, SP, MDG, KrF, H, Frp, R og FNB fram slikt forslag (b):

«Tillegg:

Fylkesutvalet vil påpeike og understreke ein del viktige forhold i tillegg til det som kjem fram i saksutgreiinga:

Fylkesutvalet meiner at opplæringskontora må ha om lag same rolle som i dag. Mange små og mellomstore verksemdar treng assistanse til å vidareutvikle og kvalitetssikre lærlingeordninga gjennom opplæringskontora.»

Åsmund Berthelsen, SV, sette på vegner av SV, A, SP, MDG og KrF fram slik protokollmerknad:

«Hovudutvalet ber om å få uttale seg om kva saker fylkeskommunen skal sende høyringssvar på så tidleg som råd. Vidare ber utvalet om å verte involvert tidlegare og få betre tid på å handsame forslag til høyringssvar.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Berthelsen sine forslag (a) og (b) vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringssvaret på NOU 2019:23 «Ny opplæringslov», slik det kjem fram av saksutgreiinga med slike endringar:
 - Det blir feil å bruke «lærling» om alle som får opplæring i bedrift, då det vil «utvatne» eit godt innarbeidd omgrep. Fylkesutvalet meiner at omgrepet lærling berre skal brukast når det er inngått lærekontrakt med fag- eller sveineprøve som mål.
 - Klagenemnd for ikkje bestått fag- og svenneprøve bør regulerast i ny lov. Ny lov må og sikra at saker kan løysast på lavast mogleg nivå, difor er det viktig at ein har fylkeskommunal instans for det.
 - Lova må syte for at lærebedrifter skal ha eigen kompetanse og produksjon i lærefaget for å kunne godkjennast som opplæringsbedrift.
 - Styra i opplæringskontora skal ha representasjon frå arbeidstakersida når deira organisasjonar ber om det.
 - Opplæringslova kan ikkje regulera opphøyr av både arbeidsavtale og lærekontrakt, då verksemdar som gjev opplæring er egne rettssubjekt, og lærlingane skal ha same rettigheter og plikter som tilsette. (forslag § 8-4).
 - Fylkesutvalet meiner i tillegg det er viktig at elevar vert sikra læremiddel, inkludert digitale, på ynskt målform. Fylkesutvalet står difor Nordrum-utvalet i at ein må vidareføre parallellitetskravet i opplæringslova. Læremiddel skal liggje føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Dette må òg gjelde digitale læremiddel.

Fylkesutvalet vil påpeike og understreke ein del viktige forhold i tillegg til det som kjem fram i saksutgreiinga:
2. Fylkesutvalet meiner at opplæringskontora må ha om lag same rolle som i dag. Mange små og mellomstore verksemdar treng assistanse til å vidareutvikle og kvalitetssikre lærlingeordninga gjennom opplæringskontora.
3. Fylkesutvalet meiner at elevråd må vere lovfesta og at organ for brukarmedverknad må verte vidareført.
4. I framlegg til ny opplæringslov fell omgrepet lære kandidat vekk, og lære kandidatar vil ikkje lenger ha lovfesta rett til spesialundervisning. Dersom ordninga blir fjerna er det naudsynt at det vert etablert ei liknande ordning som kan følgje opp eleven, knytt til ordninga opplæringskontor som lærebedrift
5. Fylkesutvalet har merka seg at fylkesrådmannen meiner at det bør bli vurdert om retten til eit år ekstra grunnskuleopplæring ved ein vidaregåande skule også skal vere ein plikt for elevar med behov for det. Fylkesutvalet vil åtvare mot å ha eit ekstra år med same organisering og

innhald som siste året på ungdomsskulen. Utvalet meiner det må vere tilbod om eit alternativt opplegg der elevane finn seg til rette.

6. Etter det fylkesutvalet skjønar vert det foreslått å ta vekk praksisbrevordninga. Fylkesutvalet vil understreke at det må verte eit fullgodt alternativ til denne ordninga då det har vist seg at den har fungert godt for mange ungdommar.
7. Fylkesutvalet vil påpeike og understreke ein del viktige forhold i tillegg til det som kjem fram i saksutgreiinga: Fylkesutvalet meiner at opplæringskontora må ha om lag same rolle som i dag. Mange små og mellomstore verksemder treng assistanse til å vidareutvikle og kvalitetssikre lærlingeordninga gjennom opplæringskontora.

Protokollmerknad frå SV:

Hovudutvalet ber om å få uttale seg om kva saker fylkeskommunen skal sende høyrings svar på så tidleg som råd. Vidare ber utvalet om å verte involvert tidlegare og få betre tid på å handsame forslag til høyrings svar.